



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/107919-34

Dykkar referanse:
23/1439

Vår dato:
12.06.2023

Klage på vedtak om rammeløyve – Hagesenter – Gnr. 188 bnr. 5 Gjervik ytre – Alver kommune – Dykkar referanse

Statens vegvesen viser til brev frå Alver kommune dagsett 25.05.2023. Brevet gjeld administrativt vedtak i saksnr. 321/23 – Løyve til oppføring av hagesenter på gnr. 188 bnr. 5, Gjervik ytre. Alver kommune sitt vedtak av 24.05.2023 har følgjande ordlyd:

VEDTAK

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål friområde og LNF som skal nyttast til passeringslomme. Dispensasjonen er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

*Det vert gjeve **rammeløyve** for hagesenter med grunnarbeid, utomhusanlegg og kryss med passeringslomme på følgjande vilkår:*

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 03.11.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.*
- 2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.*
- 3. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk/kloakkanlegg i samsvar med løyve til påkopling datert 27.10.2022 i sak 22/372, og utførast i samsvar med godkjent VAplan/situasjonsplan.*
- 4. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg. Veg og avkøyrsløye skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 04.03.2022.*

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Naudsynt løyve etter Arbeidstilsynet.*
- 2. Tillatels frå Statens vegvesen til å føre VA-leidningar over deira grunn jf. pbl. §§ 27-1 og 27-2.*

Før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 3. Rubbhallen må vera fjerna.*

Rammeløyvet er heimla i plan- og bygningslova § 20-2.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Klage

Statens vegvesen klagar med dette på vedtaket som Alver kommune fatta den 24.05.2023. Vegvesenet fekk melding om vedtaket 25.05.2023 og klage er derfor fremja rettidig. Vår klage i saka vert fremja med heimel i forvaltningslova (fvl.) § 28 og plan- og bygningslova (pbl.) § 1–9.

Klagerett:

Statens vegvesen har klagerett ettersom vedtaket råkar vegvesenet sitt saksområde, jfr. pbl. § 1–9 første setning. Vi meiner det er knytt sakshandsamingsfeil til vedtaket då det ikkje har med seg alle naudsynte vilkår for igangsetjingsløyve.

Nærare grunngeving for at Statens vegvesen påklagar vedtaket om rammeløyve

Alver kommune har gjeve rammeløyve for hagesenter med grunnarbeid, utomhusanlegg og kryss med parkeringslomme. Det er knytt vilkår både til rammeløyve og igangsetjingsløyve.

Statens vegvesen gav den 04.03.2022 førehandstilsegn på bruk av avkøyrsløve til den aktuelle eigedomen (avkøyrsløve på vilkår). I Statens vegvesen sitt vedtaksskriv i veglovssaka heiter det:

«Kommunen skal ikke gi igangsettingstillatelse for tiltak på gnr. 188 bnr. 5 utover grunnarbeid, før ny avkjørsel til området er opparbeidet og godkjent av Statens vegvesen. Som et minimum må fysisk utforming av avkjørsel (sikt, kurvatur og trafikkøy) være etablert før anleggsarbeider knyttet til videre arbeid kan settes i gang.

Det er videre et krav at stenging av eksisterende avkjørsel er utført. Krav til endelig ferdigstilling av ny avkjørsel (fast dekke, kantstein etc.) kan reguleres nærmere i gjennomføringsavtale.»

Rammeløvyet av 24.05.2023 ser ut til å gjelde heile tiltaket. Vilkår 1 og 4 er knytt til rammeløvyet og seier noko om korleis tiltaket skal plasserast i terrenget og at veg og avkøyrsløve skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 04.03.2022. Vedtaket seier likevel ikkje noko om rekkefølge, det vil seie kor tid dette arbeidet må vere utført. Vedtaket seier heller ikkje noko om at det skal vere inngått gjennomføringsavtale med Statens vegvesen før tiltakshavar kan starte arbeidet knytt til avkøyrsløve og riksveg.

At det før byggjearbeid skal liggje føre gjennomføringsavtale med tilhøyrande godkjende byggeplanar er ABO Plan & Arkitektur AS som ansvarleg søkjar kjend med, og vi ser av søknadsbrevet til kommunen (dagsett 14.02.2023) at dei har til intensjon om å inngå slik avtale. Vi merkar oss likevel at ansvarleg søkjar skriv i sitt brev:

«I samband med tiltaket vil det bli etablert ei gjennomføringsavtale med Statens vegvesen. Som del av gjennomføringsavtala vil det bli utarbeida ein byggeplan for kryss med passeringslomme. Denne byggeplanen vil være basert på allereie godkjent teknisk plan for krysset.» (vår utheving).

Det er ikkje korrekt at det ligg føre allereie godkjent teknisk plan for krysset. Dette er tidlegare meldt tilbake til kommunen i samband med dispensasjonssaka knytt til friareal og passeringslomme.

Pr. i dag ligg det ikkje føre nokon formelt godkjende tekniske teikningar, men behovet for justeringar og avklaringar er handterbare på byggeplannivå. Sjølv om ansvarleg søker har intensjon om å få i stand gjennomføringsavtale/byggjeplan må krav om dette i vedtaket frå kommunen, gå fram som eit tydeleg vilkår som må vere oppfylt før det kan gjevast igangsetjingsløyve for arbeidet knytt til E39.

Vidare må det gå fram at dette arbeidet skal vere ferdigstilt, eventuelt at minimumskrava jfr. veglovssvedtaket (sikt, kurvatur og trafikkøy) er etablert før anleggsarbeid knytt til vidare arbeid kan setjast i gang.

Når det gjeld stenging av eksisterande avkøyrsløp til gnr. 188 bnr. 5 er også dette eit krav i veglovssaka. Stenging av dagens avkøyrsløp er vist på situasjonsplan vedlagt vedtaket av 04.03.2022. Statens vegvesen har nyleg blitt merksam på at det skjer arbeid inne på denne eigedomen men er ikkje kjend med kva omfang dette har eller om det skjer massetransport. Etter det vi kan sjå har kommunen i brev av 27.03.2021 (Dykkar referanse 20/791 2 – 21/21 421) vurdert at rydding av areal på gnr. 188 bnr. 5 er unntatt søknadsplikt. Det er likevel vanskeleg å lese ut i frå dette brevet kva vurderingar kommunen har gjort.

Dagens avkøyrsløp går over gang- og sykkelveg. Vi minner om at dersom det går føre seg transport av massar/anleggstrafikk inn og ut som ikkje er knytt til lagerbygget som står her vil bruk av avkøyrsløp til dette føremålet krevje avkøyrsløype etter veglova. Vi syner til SAK10 § 4-1, 3. ledd.

Oppsummering

Statens vegvesen klagar på Alver kommune sitt vedtak av 24.05.2023 med bakgrunn i sakshandsamingsfeil knytt til manglande vilkår for trinnvis utføring av det omsøkte tiltaket.

Vegvesenet ber om at vedtaket av 24.05.2023 vert oppheva og at det vert fatta eit nytt vedtak som har med seg naudsynte vilkår for igangsetjingsløyve.

- 1 Av revidert vedtakt må det gå fram at det ikkje kan setjast i gang noko arbeid knytt til ny avkøyrsløp og passeringslomme på E39 før det kan dokumenterast at det er inngått gjennomføringsavtale med Statens vegvesen og utarbeidd tilhøyrande godkjend byggjeplan.
- 2 Vidare må det gå tydeleg fram som eit vilkår i kommunen sitt reviderte vedtak at arbeid med kryss og passeringslomme og stenging av eksisterande avkøyrsløp skal utførast som fyrste tiltak. Det kan ikkje gjevast igangsetjingsløyve for nokon

påfølgjande delar av det omsøkte tiltaket før Statens vegvesen har kontrollert at føresetnadane for dette er oppfylt og vi formelt har gjeve kommunen melding om dette.

I samband med vilkåret om stenging av dagens avkøyrsløye og eventuelt tidsperspektiv fram til oppstart av arbeidet med veganlegget, må Alver kommune gjere ei vurdering av den gjenståande aktiviteten på gnr. 188 bnr. 5 Dersom det (framleis?) skjer massetransport her vil dette krevje mellombels avkøyrsløye frå Statens vegvesen.

Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
ABO Plan og arkitektur,